

«Ett aspekt ved fasten er å lære seg å dø. Men en viktig side av denne erkjennelsen er at vi faktisk fortsatt lever.»

▶ ÅSTE DOKKA KOMMENTERER, SIDE 2-3

# vårt land

**TORSDAG**  
11. FEBRUAR 2021  
uke 6 / nr. 29 / 77. argang  
KRONER 20

«OG DETTE BER JEG OM, AT DERES KJÆRLIGHET MÅ BLI MER OG MER RIK PÅ INNSIKT OG DØMMEKRAFT.»



BISKOP: Anne Lise Ådnøy

Ber prest  
endre  
tjeneste-  
sted

▶ SIDE 9

**Maxi Taxi**  
Driver tar  
sjanser ved å  
bevege seg i mørke  
territorier, og får  
uttelling for dem.  
Kanskje er det akkurat  
denne serien vi trenger  
akkurat nå.

Einar Aarvig anmelder NRK-serie

▶ SIDE 22-23



I KS: Styreleder Bjørn A. Gram

Vil gi lokal-  
politikere  
større vern

▶ SIDE 6-7

## Slik er det nye Kristen-Norge

Nye tal kastar om på nokre  
førestillingar – og stadfestar  
andre. Ein ting er sikkert: Det  
går framleis eit tydelig bibel-  
belte gjennom landet.

▶ SIDE 10-12



BIBELBELTE: Korset på Justøy bibelcamping på Sørlandet.

Foto: Joakim S. Enger

**Det finst ganske tydelege  
geografiske mønster for  
kristendom i Norge.**

Tore Witsø Rafoss, forskar ved KIFO

## 10 NYHETER

# Kva kjenneteikner dei kris

**KRISTEN-NORGE:** Kor i landet bur dei mest konservative? Ber folk oftare på Sørlandet enn i Nord-Norge? Finn ut korleis kristne vanar og verdiar er på heimplassen din.

## RUTH EINERVOLL NILSEN

ruth.einervoll.nilsen@vl.no

Dersom du har lurt på om «bibelbeltet» faktisk finst, eller om Trøndelag er så sekulært som fordommene skal ha det til, kan denne saka kanskje gi deg svar.

Her finn du mellom anna oversikt over kor i landet folk er mest aktive i kyrkja, kor flest går til nattverd og kor dei mest liberale haldningane til abort finst.

Grafane er basert på Den norske kyrkjas medlemsundersøking (data frå 2020), SSB sine nyaste kyrkjestatistikkar (data frå 2019) og undersøkinga til KIFO om religion i befolkninga («Religion 2019»).

### Tre kategoriar

Den norske kyrkja (DNK) deler inn medlemmene sine i tre «kategoriar»:

• **Grøn:** Dei som trur, og besøker kyrkja ofte.

• **Gul:** Dei som er åpne for tru og/eller besøker kyrkja fleire gonger i året.

• **Raud:** Dei som er avvisande til tru, som sjeldan eller aldri besøker kyrkja.

I graf nummer to kan du sjå kor stor del av DNK-medlemmene i bispedømmet som høyrer til kvar kategori.

### Det «kristnaste» området

Forskingsinstituttet KIFO har stilt heile befolkninga, ikkje berre DNK-medlemmer, spørsmål om dei rekner seg som «bekjennande kristen».

– Det er alltid komplisert å måle tru og ulike typar kristne. Nokon vil meine det finst teologiske grunnar til å ikkje skilje mellom anna enn «kristen» eller «ikkje kristen», fortel forskar ved KIFO Tore Witsø Rafoss.

Likevel har han og forskar-kollegar sett at det nyttar å skilje nyansar i kristentrua. Ein kan svare «ja» på at ein er kristen, men «nei» på å vere bekjennande kristen, for eksempel.

– Å kalle seg bekjennande kristen betyr ofte ei tydelegare gudstru og at du er meir aktiv i kyrkja. Dette omgrepet gir meir

ning for mange, fortel Witsø Rafoss.

### Så mange er medlemmer

Folkekyrkja står sterkt på plassar i landet kor ikkje kristentrua nødvendigvis er så sterk. I figur nummer tre kan du sjå kor stor del som er medlem av DNK eller eit anna trussamfund der du bur. Det er delt inn per fylke, ikkje bispedømme.

– Mange «bekjennande kristne» er ikkje medlemmer av Den norske kyrkja. På Sør- og Vestlandet er kristentrua sterk, men mange av de kristne her soknar ikkje til Den norske kyrkja, peiker Tore Witsø Rafoss på.

KIFO sine undersøkingar viser at Agder er det eineste fylket i Norge kor meir enn ti prosent av befolkninga er medlemmer av kristne trussamfund utanom Den norske kyrkja.

– Dette har mange forklaringsar, men handlar mellom anna om kor sterkt frikyrkjene og bedehuskulturen står, seier han.

### Motstand mot abort

I KIFO si undersøking om religion i befolkninga blei denne

påstanden sett fram:

«Det er ikke galt at en kvinne tar abort hvis familien har svært lave inntekter og ikke råd til å få flere barn».

Andelen som svarar «alltid galt» eller «nesten alltid galt» er høgast i Stavanger med 26 prosent, og lågast i Oslo med 9 prosent.

### Likekjønna ekteskap

Til påstanden om at det er «ikkje galt i det heile tatt at vaksne av same kjønn har eit seksuelt forhold», svarte 17 prosent i Agder og Telemark, og Stavanger «heilt ueinig» eller «ueinig», mot 6 prosent i Oslo.


### Deler ut mest nattverd

Halvparten av medlemmene i Den norske kyrkja seier dei ber til Gud. 30 prosent gjer det kvar månad eller oftare, 20 prosent årleg. DNK har registrert kor mange som gjekk til nattverd i 2019.

Ser ein på kvart enkelt bispedømme, og reknar det ut frå talet på DNK-medlemmer i det, peiker nokre område seg ut i nattverdsaktivitet.




## «Eg er bekjennande kristen»



Talet i prosent er delen av heile befolkninga som svarar «ja» på om dei er bekjennande kristne. (KIFO, «Religion 2019»)

## Her bur dei mest og minst kyrkje-aktive



Talet i prosent viser kor stor del av DNK-medlemmene i bispedømmet som tilhøyrer kvar kategori.

(DNKs medlemsundersøking 2020)

# Stene der du bur?


**LANDSKAP:** Kristne har tru på ulike måtar ut frå kor i Norge dei bur. I 2016 var Andreas Skolt Iversen og Marianne H. Brekken prestesamling for nyutdanna prestar, og kan ha enda opp i særskilte kyrkjelydar.

Foto: Joakim S. Enger



• Saka held fram på neste side


**Medlemmer av DNK + medlemmer av andre trussamfunn**



Talet i prosent er delen av befolkninga som er medlem av Den norske kyrkja eller eit anna trus- eller livssynssamfunn. Inndelinga er per fylke.

Kilde: SSB (2020, tall frå 2019)

**Her går flest medlemmer til nattverd**



Talet i prosent er rekna ut frå talet til nattverd, delt på talet DNK-medlemmer i bispedømmet.

Kilde: SSB (2020, tall frå 2019)

## 12 NYHETER

**TENDENS:**  
KIFO-forskar  
Tore Witsø  
Rafoss var med  
på å kartlegge  
det religiøse  
landskapet i  
Norge i 2019.  
Geografi er ein  
viktig faktor for  
korleis folk trur,  
har han funne  
ut.  
Foto: Adrian Nielsen



**ENDRING:**  
Religions-  
forskar Olaf  
Aagedal fortel  
at mange av dei  
som byrja å gå i  
bedehus haldt  
seg i folke-  
kyrkja samtidig.  
Det er i ferd  
med å endre  
seg.  
Foto: Joakim S. Enger



**KRISTNAST:** Disse ungdommane skal konfirmerast i «Norges kristnaste kommune» – Klepp i Rogaland, ifølgje Vårt Lands uhøg-  
tidlege kåring i fjor. Korleis blei Sør- og Vestlandet så sterkt truande?  
Foto: Caroline Teinum Gilje

# Dette er stereotypene om Kristen-Norge

**FORDOMMAR:** Finst «bibelbeltet» på ekte? Og er folk meir liberale i aust enn i vest? Forskarane forklarar det kristne norgeskartet.

**RUTH EINERVOLL NILSEN**  
ruth.einervoll.nilsen@vl.no

– Det er veldig interessant korleis tru og geografi heng saman, seier Tore Witsø Rafoss.

I løpet av mange år som forskarar i KIFO (Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning) har Rafoss og kollega Olaf Aagedal lese store mengder data om kristenfolk i Norge.

Blant dei dei har funne ut, er at det verken er alderen din, utdanninga di, den politisk ståstaden din eller inntekta di som har størst samanheng med korleis trua di er. Det er kor du kjem frå.

– Sjølv om det kan vere variasjonar frå bygd til bygd i same område, finst det ganske tydelege geografiske mønster for kristendom i Norge, seier Witsø Rafoss.

## Spenn fast bibelbeltet!

– Det er tydeleg at bibelbeltet framleis er spent på, konstaterer han.

Beltet er spent rundt bispedømme Stavanger, Agder og Telemark, Bjørgvin og Møre.

– Det er slåande at dette fortsatt gjeld. Norge blir raskt meir ikkje-religiøs, og det slår likt ut i alle fylker. Men dei relative for-

skjellane består likevel, seier Witsø Rafoss.

Sjølv om store delar av befolkninga i Innlandet og Troms og Finnmark er medlemmer av Den norske kyrkja, er gudstrua sterkare på Sørvestlandet, ifølgje KIFO-forskning frå 2019. Slik har det vore i lang tid, og det har grunnar langt tilbake i historia, skal Olaf Aagedal ved KIFO snart fortelje.

## Konservative i vest

Tore Witsø Rafoss kallar norske kristne for «mangfaldige», og veit at det finst mange måtar å vere kristen på. I politiske verdi-strider, som abort og likekjønna ekteskap, finst det kristne over heile spekteret av meininger.

Likevel har forskaren sett eit tydeleg mønster: Dei kristne som er konservative i verdspørsmål og dei som er sterkt kristne, er ofte dei same. Dette gjeld spesielt mange frikyrkje-medlemmer.

– Det er for eksempel ein tydeleg samanheng mellom det å vere bekjennande kristen og det å vere skeptisk til abort og homofilt samliv, seier Witsø Rafoss.

## Opp til deg sjølv

For å forstå korleis «bibelbeltet»

blei til, og kvifor folkekyrkja blei meir dominerande i andre deler av landet, må ein gå tilbake til rundt 1850. Før den tid var Norge prega av det KIFO-forskar Olaf Aagedal kallar «sakramental kristendom».

Samfunnet var prega av ein kultur av eining, og den var religiøs. Å vere medlem av dette samfunnet, betydde å bruke kyrkja til livsrituala: å bli døypt, konfirmere seg, gifte seg og bli gravlagd. Dei fleste gjekk til gudsteneste, iallfall innimellom, og det var plikt til nattverd. Livet var i stor grad bestemt av kor du blei fødd.

– Så kom det eit brot. Det var ikkje berre religiøst, men ei modernisering og individualisering av heile det norske samfunnet og kulturen, fortel Aagedal.

I denne nye kulturen blei det meir opp til kvar enkelt kva gruppe ein ville identifisere seg med, og eit sjølvstendig val om kva verdiar ein ønskte seg.

Slik oppsto folkerørslar som jobba for ulike interessar, og folk blei oppmoda om å bli med. Både arbeidarrørsla, målørsla, fråhaldsrørsla og ikkje minst lekmanrørsla jobba for sine saker.

– Lekmanrørsla greip om seg med valdsam kraft, spesielt

gjennom store vekkingar. No var det opp til deg sjølv å ta stilling til om du ønskte å bli frelst eller ikkje, seier Aagedal.

## Klasseskiljer i kyrkja

Desse masse-vekkingane såg ein først og fremst på Sør- og Vestlandet, og deler av tidlegare Vestfold og Østfold. Kvifor det skjedde akkurat her, kan ha fleire grunnar. Ein av dei: Den geografiske plasseringa.

– Dette var kystområde og grensetraktar kor impulsar frå vekkingane i England, USA og Sverige kom sterkest inn. Ein annan mogleg grunn handlar om økonomiske forskjellar.

– Vekkinga fekk ikkje eit like godt grep på plassane med størst klasseskiljer. På Austlandet var det store gardar, og eit husmannsvesen som skilte bøndene som eigde frå husmennene som leigde, fortel Aagedal.

På Sør- og Vestlandet var gardane derimot mindre. Dei økonomiske skiljelinjene var ikkje like tydelege, og det var lettare å mobilisere heile bygda for ei sak på tvers av klassar. Bedehusrørsla kunne derfor lettare få fotfeste i store deler av befolkninga i desse delene av landet. I Innlandet, for eksempel, var det motsett.

– Klasseskiljene forplanta seg i det religiøse livet. Storbøndene på Austlandet heldt oppe den gamle folkekyrkjelege tradisjonen. Bedehusa fekk ikkje rot i slike bygder i like stor grad, fortel Aagedal.

Nokre plassar blei dei fattige husmennene likevel fanga opp av pinslerørsla.

## Meir splitta i dag

I dei store vekkingane i Norge – samanlikna med andre land – er eit særtrekk at dei som blei med i dei nye rørslene likevel ikkje meldte seg ut av folkekyrkja.

– Dei siste åra har Aagedal sett ei utvikling i det norske kristenlandskapet. I lang tid etter at bedehusrørsla kom, var det tradisjon for å slutte opp om både bedehuset og kyrkja i Norge. Ein kunne gå på møte om kvelden og til gudsteneste om morgonen, og ein døypte ungane sine i kyrkja.

– Men på grunn av liberaliseringa i Den norske kyrkja har spenninga mellom folkekyrkja og bedehus blitt sterkare dei seinare åra, fortel Aagedal.

– Spenninga gjer at det fleire stader går i retning av ei skilsmisse mellom desse tradisjonane i «bibelbeltet», seier han.